

Namn på tunnel og bru på Stette

Statens vegvesen har bede Skodje kommune om namneforslag på tunnel og bru i samband med byggeprosjektet på Stette.

Brua det er snakk om ligg rett sør for tunnelen, og er bygt for å lage undergang under hovudvegen.

Etter vedtak i formannskapet 06.03.12, sak 18/12, inviterer Skodje kommune med dette innbyggjarane i regionen til å kome med forslag til namn både på tunnel og bru.

Send namneforslaga til:

Skodje kommune
Rådhuset
6260 Skodje

eller til
postmottak@skodje.kommune.no.

Frist: 1. april 2012.



Skodje kommune
ønsker alle
God Påske!


Skatteoppkrevjaren informerer

Nytt for inntektsåret 2011

Det vert innført fleire puljer ved årets skatteoppgjjer. Denne ordninga - såkalla suksessive oppgjjer - vert i år utvida til også å gjelde personlege næringsdrivande og deira ektefeller. Dette tyder at fleire skattyttarar vil motta skatteoppgjjeret sitt tidlegare enn åra før.

Personlege skattyttarar

Figuren under syner korleis totalt utlikna restskatt for 2010 på kr 7,1 mill. er innbetalt sidan avrekning i fjor.



Rettidig betaling

Betalt innan forfall.

Forseinka

Krav som er innbetalt etter forfall, men før tvangstiltak er sett i verk.

Innfordra

Dette er krav som er betalt først etter at tvangstiltak er sett i verk, anten ved utpanting eller ved utleggstrekk i løn.

Aktiv restanse

Krav som framleis står ubetalt. Pr. 29.02.12 utgjjer dette omlag kr 344 000,-

Aksjeselskap

Det vart utlikna kr 5,6 mill. i restskatt for upersonlege skattyttarar for 2010. 76,8 % vart innbetalt til rett tid, og aktiv restanse er kr 23 000,-.

Arbeidsgjevarar

Forskotstrekk 2011:

Av sum krav kr 115,6 mill. er 99,95 % betalt.

Arbeidsgjevaravgift 2011:

Av sum krav kr 57,8 mill. er 99,8 % betalt.

Unngå restskatt og rentetillegg

Frist for innbetaling av tilleggsforskot for inntektsåret 2011 er **31. mai 2012**. Dette gjeld både for upersonlege skattyttarar (aksjeselskap), og personlege skattyttarar.

Beløpet kan betalast til Skatteoppkrevjaren i Skodje, bankkonto 6345 06 15295.

Betalinga skal ha eit KID-nummer. Du kan lage KID-nummer på www.skatteetaten.no.

Hugs å velje 2011 som inntektsår, og tilleggsforskot som skatteart.

Vil du vere meddommar?

Å vere meddommar er ei interessant og viktig samfunnsoppgåve. Skodje kommune skal oppnemne domsmenn frå vår kommune til lagmannsretten, tingretten og jordskifteretten for åra 2013 - 2016.

Oppnemninga vil skje i første halvdel av 2012.

Vil du vite meir om det å vere meddommar (leddommar) kan du sjå informasjon frå Domstoladministrasjonen på www.domstol.no.

Om du kan tenkje deg å verte meddommar, send ein e-post til postmottak@skodje.kommune.no, der du opplyser om namn, adresse, yrke/stilling og kva rett du vil vere meddommar i.

Ved til sals

Prestemarka har ved til sals.
60 liters sekkar à kr 50,-.

Fritt levert i Skodje kommune.

Tlf. 70 24 48 95 / 70 24 48 97

Renovasjon i påska

Ver merksam på at det vert endringar av hentedagar i og etter påskeveka. Alle papir- og plastruter blir flytta til etter påske.

Restavfall

Onsdag 4. april: Sone 2 og 3 (onsdags- og torsdagsruta)

Onsdag 11. april: Sone 1 (tysdagsruta)

Torsdag 12. april: Sone 2 og 3 (onsdags- og torsdagsruta)

Papir og plast

Fredag 13. april: Sone 1

Opningstider i påska

Måndag og tysdag i påskeveka er det vanleg opningstid på rådhuset.

Onsdag før skjærtorsdag stengjer vi kl. 12.

Mange av dei tilsette tek fri desse dagane, så eventuelle møter bør vere avtalt på førehand.

Neste Kommunenytt

Neste *Kommunenyt*t kjem ut ca. 22. juni. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 15. juni.

Kulturmidlar og midlar til kulturprosjekt 2012

Friville lag og organisasjonar kan søkje Skodje kommune om drifts- og prosjekttilskot.

Søknadsfrist er 1. april (for kulturprosjekt også 1. september).

Driftsmidlar

Kultur- og haldningsskapande arbeid for barn og unge skal prioriterast.

Prosjektmidlar

Målet er å stimulere til nytenking og nyutvikling innan ulike kulturaktivitetar.

Søknad

Søknadsskjema og utfyllande statuttar for tildeling av kulturmidlar og kulturprosjekt finn de meir om på skodje.kommune.no.

Send søknaden til Skodje kommune, kultur- eininga, Rådhuset, 6260 Skodje.

SFO skuleåret 2012/2013

Søknad om plass i skulefritidsordningane i Skodje kommune for elevar i 1. – 4. trinn vert å sende Skodje kommune, servicekontoret, 6260 Skodje.

SFO plassar vert tildelt for eitt skuleår om gongen. Alle som har plass må difor søkje på nytt.

Søknadsskjema får ein ved servicekontoret, på skulane eller på skodje.kommune.no

Søknadsfrist. 1. april 2012.

Gomer Café & Restaurant

Gomer Café & Restaurant opna 12. mars.

Dei nye operatørane reklamerer med eit "grønt" konsept:

- Heimelaga mat og heimelaga sauser
- Ferske råvarer og variert meny

Opningstider:

Måndag - fredag: 12.00 - 18.30

Søndag: 14.00 - 18.30

Les meir på gomerhuset.no.



Dette skjer

Jo Nesbø-konsert på Gomerhuset

Saman med jazzfiolinisten Ola Kvernberg og bassisten Lars Jones vil Jo Nesbø halde konsert på Gomerhuset torsdag 29. mars kl 19.30.

Billettar kan kjøpast på gomerhuset.no, eller på Gomerhuset ein time før konserten.

Det er også råd å tinge billettar ved å ringe 70 24 41 90.

Billett kr 300,-

Honnør/barn under 16 år: kr 200,-

Meir informasjon om konserten på gomerhuset.no

"Kommunenyt"t vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no